

UWC Røde Kors Nordisk er ein internatskule for 200 elevar i alderen 16-19 år, frå meir enn 80 ulike land. Elevane gjennomfører eit to-årig studieprogram - International Baccalaureate (IB) Diploma. Skulen starta opp i 1995, og feirar 30-års jubileum i år. Skulen er mellom anna finansiert av offentlege midlar frå dei nordiske landa, og ligg idyllisk plassert ved Flekkefjorden i Fjaler kommune på Vestlandet. Skulen har omlag 70 tilsette og har to datterselskap, UWC Connect AS og Verdsgrenda Eigedom AS. UWC Connect AS har ansvar for andre aktivitetar som mellom anna leirskule, sommarleirar og som vertskap for ulike grupper som kjem for å oppleve det unike miljøet på skulen. Verdsgrenda Eigedom AS eig og forvaltar bygg på eigedomen.

HELGESTILLINGAR SOM KJØKKENASSISTENT - 21,12 % og 14,08 % fast stilling

Vi har ledig helgestillingar som kjøkkenassistent ved UWC RCN med oppstart snarast, eller seinast frå starten av januar 2026.

Stillingane inneber arbeidsøkter annankvar eller tredjekvar laurdag og sundag, og passar for deg som er fleksibel, som likar å jobbe i lag med andre og som er oppteken av å yte service. Per i dag er det 10 tilsette som arbeider i heil- eller deltidstillingar ved kjøkkenet.

Arbeidsoppgåvene på kjøkkenet inneber hovudsakleg å hjelpe kokkane våre med å førebu produksjon av mat, samt servere og vaske og rydde opp i samband med dei faste måltida ved skulen.

Stillingane kan også høve for unge kandidatar over 16 år, og kandidatar med hol i CV-en, som har lite eller inga utdanning eller som har lite eller inga arbeidserfaring.

Kvalifikasjonar:

- Du må kunne arbeide sjølvstendig og ha gode samarbeidsevner
- Du må kunne kommunisere munnleg på norsk og engelsk, men dagleg arbeidsspråk er norsk.

Vi kan tilby:

- Løn etter KS tariff
- Tilgang til Røde Kors Haugland rehabiliteringssenter sine basseng og treningsrom
- Tilgang til ulike utandørsaktivitetar, organisert gjennom skulen

Dersom dette er arbeidsoppgåver og stillingar som kan passe for deg, ber vi om at du sender ein enkel søknad og CV til appointments@uwcrn.no, med merknad om kva stilling(-ar) du ynskjer å søke på.

Dersom du har spørsmål til stillingane kan du kontakte Operational Service Manager **Ainor Naustdal** på tlf.: **917 09 715** eller på e-post: ainor.naustdal@uwcrn.no.

Søknadsfrist er 19.10.2025, med tilsetjing snarast og seinast frå 01.01.2026.

Ein må legge fram politiattest som ikkje er eldre enn tre månadar før ein kan ta til i stillinga.